



SAKSHANDSAMAR
Martine Magdalena Thodesen Sande
Ivar Arrestad

VÅR REF.
24/02842-9

VÅR DATO
15.05.2025

postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

DYKKAR REF.

DYKKAR DATO

Asle Flatin
Stian Kristensensvei 48
1348 RYKKINN

Angelshaug - Kinn kommune - Gbnr. 348/3 - Riksantikvarens avgjerd i klagesak om bygging av veg

Vi viser til klage datert 22. november 2023. Det er klaga på Vestland fylkeskommunes avslag på søknad om løyve etter kulturminnelova (kml.) § 8 første ledd for bygging av ein veg ved eit naust på Angelshaug i Kinn kommune.

Klaga vart oversendt til Riksantikvaren frå fylkeskommunen i brev 23. november 2023. På grunn av ein feil, vart ikkje klaga registrert i Riksantikvarens system. Dette vart fyrt oppdaga 20. august 2024. Den 16. september 2024 returnerte Riksantikvaren saken tilbake til fylkeskommunen og bad om deira kommentarar til klaga. Riksantikvaren fekk tilbakemelding frå fylkeskommunen i brev 24. mars 2025 og deira kommentarar til klaga i brev 22. april 2025.

Klagefrist

Klaga er sendt innan klagefristen og vert teke til handsaming, jf. kml. § 8 første ledd. Vi har motteke etterfølgjande kommentarar frå klager i brev 10. april 2025.

Vi beklagar lang handsamingstid i denne saka.

Konklusjon

Riksantikvaren har gjennomgått og vurdert alle sider av saka og konkluderer med at Vestland fylkeskommunes vedtak vert ståande. Klaga tas ikkje til følgje.

Bakgrunn for saka

Saka gjeld søknad om etablering av ein veg frå Vemmelsvikvegen og ned til eit naust og ein molo på Angelshaug. Det er ein eksisterande vegtilkomst til naustet, men ikkje til moloen. Det er søkt om å bygge ein ny veg rundt naustet mot vest og sør.

På eigedomen er det registrert eit busettings- og aktivitetsområde frå steinalder som er automatisk freda etter kulturminnelova § 4 første ledd. Den aktuelle kulturminne-lodaliteten (ID 289179) vart påvist under registreringar som vart utført av fylkeskommunen i 2022. Registreringa avdekkja littiske funn frå yngre steinalder og bronsealder, dyrkingslag frå merovingertid og eit dyrkingslag som ikkje vart datert.

Eksisterande naust ligg i sikringssona til kulturminnet, og delar av vegen det er søkt om å bygge vil kome i direkte konflikt med det automatisk freda kulturminne.

Etter kulturminnelova § 3 første ledd er inngrep i eit automatisk freda kulturminne forbode, med mindre det er gjeve løyve etter kulturminnelova § 8. Vestland fylkes-kommune har mynde til å gje slikt løyve, basert på tilråding frå Universitetsmuseet i Bergen, jf. forskrift om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminneloven § 3 (2), jf. § 8.

Grunneigar søkte 15. januar 2023 om løyve til inngrep i det automatisk freda kulturminnet, for å etablere ein veg ned til eksisterande naust og molo. Vegen vil mogleggjere reparasjon av moloen og universell utforming av uteområda rundt naustet.

Universitetsmuseet i Bergen si tilråding

Universitetsmuseet i Bergen kom med sin faglege tilråding i saka i brev 15. februar 2023. Etter ei vurdering av lokalitetens tilstand, kjelde- og dokumentasjonsverdi, konkluderer Universitetsmuseet med at ei frigjeving av lokaliteten er viktigare enn verneverdiane. Dei meiner at ei undersøking av lokaliteten vil gje ny kunnskap og bidra med viktig informasjon om den forhistoriske aktiviteten i området.

Universitetsmuseet tilrår at det gis løyve til inngrep, på vilkår om at ein først gjennomfører arkeologiske utgravingar.

Vestland fylkeskommunes vedtak

Vestland fylkeskommune avslo søknaden i vedtak 3. november 2023. Avslaget er grunngjeve med at samfunnsnytten av eit slikt privat tiltak ikkje er større enn kulturminneverdien. Fylkeskommunen skriv at dei ikkje har som vanleg praksis å dispensere for ein halv steinalderlokalitet. Det er lagt vekt på at saka gjeld eit mindre privat tiltak og at andre løysingar ikkje er vist. Fylkeskommunen presiserer at dei ikkje motsett seg at anlegga knytt til naustmiljøet blir universelt utforma.

Innhaldet i klaga

- Det er eit behov for å få bygd veg rundt naustet for å kunne reparere eksisterande molo. Moloen er i så dårlig forfatning at ferdsel med båt ikkje er forsvarleg.
- Det er fem sysken med familiar som skal eige og drifta området. Tiltaket vil bidra til at bruk av området ved naustet og tradisjonar med bruk av båt blir vidareført til kommande generasjonar.
- Tiltaket er verdifullt for eigarane. Eit avslag vil føre til at kvalitetane ved å bu og ferdast på Angelshaug blir vesentleg forringa.
- Tiltaket vil og vere verdifullt for samfunnet, som eit bidrag til å ta vare på og vidareføre nyare kystkultur i regionen. Klager viser til ulike aktivitetar som blir ivaretake ved tiltaket, som kunnskap om lokale fiskeplassar, setje krabbeteiner, vedlikehald av båt m.m.

Klager kjem i tillegg med følgjande kommentarar til grunngjevinga i avslaget:

- Tiltaket inneber reparasjon av moloen, ikkje ei utviding, slik fylkeskommunen skriv i avslaget.
- I grunngjevinga er det vektlagt at andre løysingar ikkje er vist. Klagar skriv at dette ikkje stemmer, og at det i søknad om løyve var oppgitt ei alternativ løysing med å byggje ein midlertidig anleggsveg.
- Klager syner i tillegg til to andre løysinger som har blitt vurdert.

I klagen bes det om at verdien av ein levande og nyare kystkultur blir tillagt vekt, og at eigar får løyve til tiltaket.

Ytterlegare merknadar frå klager

I brev 10. april 2025 fekk Riksantikvaren fleire merknadar i saka frå klagar. I brevet vises det til at fylkeskommunen skriv i avslaget at dei ikkje har som vanleg praksis å dispensere for ein halv steinalderlokalitet, men at det i denne saka er snakk om frigjeving av mykje mindre enn halve kulturminnet. Det er lagt ved eit kart som syner området utsprengd på 1980-talet for å bygge naustet, og avgrensing for ytterlegerare sprenging for å etablere vegen.

Vidare er det lagt ved eit kart som viser at arealet på sørsida av eigedomen òg er regulert med byggeformål. Vegtilkomsten vil difor også gje vegtilkomst til byggeområde for naust på sørsida. Tiltaket vil difor vere til god nytte for to grunneigarar til.

Det vises til fleire feil i fylkeskommunens framstilling av saka:

- Fylkeskommunen skriv at det er snakk om ein utbetring av veg forbi det eine naustet. Det er ikkje veg rundt naustet i dag. Det er ikkje snakk om ein vegutbetring, men ein ny veg.
- Fylkeskommunen skriv i oversendingsbrevet at tiltakshavar meiner at det ikkje er mogleg å gjere tiltaket mindre. Entreprenøren seier at det er mogleg å redusere vegbreidde frå fem til fire meter rundt naustet, for å gjere tiltaket mindre.
- Fylkeskommunen skriv i avslaget at det er snakk om ei utviding av moloen. Moloen skal ikkje utvidast. Det er tale om ein reparasjon og ei oppstramming av linja med steinplastring, slik at moloen tolle ver og vind framover.

Avslutningsvis synes det i brevet til at klagar opplev at fylkeskommunen ikkje tar søknaden og ankepunktane på alvor. Det vises til Universitetsmuseet i Bergen sin faglege tilråding om at det gis løyve på vilkår om utgraving.

Vestland fylkeskommunes vurdering av klaga

Vestland fylkeskommune har i brev 22. april 2025 kommentert klaga.

Fylkeskommunen skriv at dei har vurdert at samfunnsnytten av tiltaket ikkje er større enn kulturminneverdiane. Ved vurdering av samfunnsnytte har dei tatt utgangspunkt i dagens situasjon, og legg til grunn at det i dag er ein grunneigar og ein søker som står bak dispensasjonssøknaden. At søker skriv at han i framtida kjem til å skilje ut

nausttomta til dei fire søskena sine, er difor ikkje vurdert som relevant for fylkeskommunens vurdering av samfunnsnytten.

Fylkeskommunen syner vidare til at det er riktig slik søker skriv i klaga, at det har vore vurdert som eit alternativ å etablere ein midlertidig veg ved å legge på duk og massar over det automatisk freda kulturminnet. Dette alternativet vart forkasta på grunn av alt for kupert terreng. I klaga oppgjer søker to andre alternativ:

1. Bygge ein midlertidig anleggsveg til moloen frå nordsida av naustet med fylling i sjøen.
2. Rive/plukke ned naustet og bygge midlertidig tilkomst der naustet står i dag.

Fylkeskommunen er samd med søker i at desse alternativa ikkje er gode.

Vidare syner fylkeskommunen til at det ikkje er korrekt at tiltaket kjem i kanten av det automatisk freda kulturminnet, men påpeker at det vil vere eit inngrep langt inn i kulturminnet. Fylkeskommunen ynskjer ikkje å frigje delar av ein automatisk freda steinalderlokalitet. Dei presiserer at steinalderlokaliteten ligg åleine og representerer ein satellitt. Kulturminnet ligg i tillegg innanfor LNF-formål i kommuneplanen og 100-metersbeltet til sjø. Fylkeskommunen syner til at 100-meterbeltet skal vere med på å sikre kultur- og naturverdiar i strandsona.

Vestland fylkeskommune skriv i oversendinga av klaga at dei har vurdert alle sider av saka og har etter ei samla vurdering kome til at det ikkje er grunnlag for å gjere om på vedtaket.

Riksantikvarens vurdering

Riksantikvaren skal prøve om fylkeskommunens vedtak er basert på riktig bruk av føresegnene i kulturminnelova og om sakshandsaminga er korrekt. Riksantikvaren kan prøve alle sider av saka, jf. forvaltningsloven § 34 andre ledd.

Rettsleg grunnlag

Hovudregelen er at ingen må sette i gang tiltak som er egna til å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, dekka til, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne.

For at ein lovleg kan iverksette tiltak som kan virke inn på et automatisk freda kulturminne, må ein ha løyve til inngrep etter kulturminnelova § 8. Vurdering av om løyve skal gis, må skje ut frå ei skjønnsmessig og heilskapleg vurdering, der fleire forhold kan vere relevant. Føresegna gir ingen spesifikke vilkår for løyve, men § 1 i kulturminnelova gjev retningslinje for skjønnsutøvinga.

Vurdering

I søknaden er det beskrive at hovudformålet med vegen er å kome til så ein får reparert eksisterande molo, blant anna gjennom tilkomst med lastebil. Vidare skal vegen gje moglegheit for åtkomst til naustanlegget med rullestol og for framtidig vedlikehald av moloen. Det er berre etablering av delar av vegen som kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne. Riksantikvaren vil difor ikkje gå nærmere inn på ei vurdering av den øvre del av vegen som ikkje er i konflikt med kulturminnet, tiltaka knytt til universell utforming av naustet og til reparasjon av moloen.

I avslaget frå fylkeskommunen er verdien av kulturminnet vekta høgare enn dei private og samfunnsmessige interessa for tiltaket. Klager syner til at tiltaket vil bidra til nyare kystkultur i regionen og at det difor også er samfunnsmessige interesser knytt til tiltaket. I etterfølgjande merknadar er det òg vist til at vegen vil vere til nytte for ytterlegare to grunneigarar som har nausttomter på sørsida.

Tiltak som typisk har samfunnsmessige interesser vil for eksempel vere bygging av teknisk infrastruktur, tiltak som bidrar til matproduksjon, bygging av skule med meir. Riksantikvaren vurderer at sjølv om eigar på eit seinare tidspunkt har planer om å skilje ut nausttomter til søskena sine, og vegen også vil vere til nytte for fleire grunneigarar, vil det framleis vere private eigarar som har glede av tiltaket. Naustet og moloen er i bruk med eit privat fritidsformål og vegen vil ikkje gagne allmennheita. Riksantikvaren vurderer at det ikkje er nokon samfunnsmessige interesser som tilseier at det bør verte gjeve løyve.

Tiltaket kjem i konflikt med to automatisk freda kulturminne på staden. Ein steinalderbuplass og eit dyrkingslag frå jernalder. Kulturminna overlappar. Sett bort ifrå undersøkingane av fleire steinalderbuplassar i Skatestraumen, er det ikkje undersøkt

kulturminne frå steinalder i Måløyområdet. Buplassen er på omlag 190 m² og er datert til yngre steinalder mot overgangen til bronsealder, basert på høgd over havet og gjenstandar funne på plassen under fylkets registrering. Dette er ein periode av førhistoria det er liten kunnskap om på Vestlandet, særleg på ytterkysten. Universitetsmuseet i Bergen meiner at denne buplassen kan være ei viktig kjelde til ny kunnskap om sein steinalder på Vestlandet.

Når det gjeld dyrkingsslaget som ligg delvis over buplassen, er denne datert basert på kolprøver. Slike kulturminne er ikkje veldig vanlege på ytterkysten. Difor kan kulturminne som dette vere ei viktig kjelde til ny kunnskap om paleobotanikken på Vestlandet.

Samstundes er det viktig å understreke at desse to kulturminna samla sett er sjeldne og difor må vurderast som viktige. Riksantikvaren meiner at inngrepet i kulturminna vil vere så store at dette må veie tyngre enn ein anleggsveg for reparasjon av ein molo.

Universitetsmuseet i Bergen har tilrådd at det gis løyve til inngrep i kulturminnet, på vilkår om arkeologisk utgraving. Museet vektlegg dei vitskapelege verdiane kulturminna har dersom dei blir undersøkte med ein arkeologisk undersøking. Ei slik undersøking vil sikre det vitskapelege kjeldemateriale i kulturminna, men den øydelegg også kulturminna. Riksantikvaren og fylkeskommunen si rolle er å vurdere dei samfunnsmessige interessene av tiltak det blir søkt om og vege dette opp mot kor viktige og sjeldne kulturminna tiltaka kjem i vegen for er. I dette tilfellet er både fylkeskommunen og Riksantikvaren si vurdering at omsynet til kulturminnet veg tyngst.

Fylkeskommunen har i vedtaket lagt vekt på at andre løysingar ikkje er vist. Klager syner til at det var vist ei anna løysing i søknaden om løyve. I klaga er det vist til ytterlegare to løysingar. Fylkeskommune har i sine merknader til klaga kommentert at dei er samde i at desse alternativa ikkje er gode. Riksantikvaren kan ikkje sjå at det har vore vurdert om ein kan gjennomføre reparasjonen av moloen frå sjøen. Vi meiner det er ein betre løysing å reparere moloen frå lekter sjøvegen, slik at man ikkje må øydelegge kulturminne i nærlieken.

Riksantikvaren forstår eigars behov for å etablere vegen, men vurderer at verdien av dei automatisk freda kulturminna veg tyngre enn dei private behova i denne saka.

Konklusjon

Riksantikvaren har gjennomgått og vurdert alle sider av saka og konkluderer med at Vestland fylkeskommunes vedtak blir ståande. Klaga tas ikkje til følgje.

Avgjerda er endeleg og kan ikkje klagast på, jf. forvaltningsloven § 28.

Vennleg helsing

Kaare Stang

Seksjonssjef

Juridisk seksjon

Martine Magdalena Thodesen Sande

Seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjend

Kopi til: Vestland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN/ Kinn kommune, Postboks 294, 6701 MÅLØY/ Universitetsmuseet i Bergen, Postboks 7800, 5020 BERGEN/ Ragnar Pettersen, Angelshaugvn. 6, 6713 ALMENNINGEN